


FORPROSJEKT

”PROSJEKT SUNDREBY 2020”

Eit prosjekt om bulyst og stadsutvikling i Ål kommune



1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn

I prosjektet ”Ål kommune - Profil og omdømme 2030” er det lagt stor vekt på tiltak som styrkar profil og omdømme for Ål som kommune og lokalsamfunn. Tiltak som styrkar samhandling mellom offentleg og privat sektor er viktige, det same er tiltak som legg til rette for trivsel, busetnad, arbeidsplassar og gode kommunale tenester.

I prosjektrapporten heiter det mellom anna:

Ål har eit omdømme som ”Kulturkommunen i Hallingdal”. Dette vil me byggje vidare på, og det skal omfatte alle sider ved eit utvida kulturomgrep.

Kommunen er ”helsekommunen” i dalen, med Hallingdal Sjukestugu som den sentrale institusjonen. I samband med gjennomføring av samhandlingsreforma vil me (saman med dei andre kommunane i Hallingdal) utvikle Hallingdal Sjukestugu til Hallingdal Lokalmedisinske Senter.

Det vil vere ein styrke for næringslivet, og særskilt reiselivet, å byggje profil og tiltak på omgrepa kultur og helse.

Viktige mål for utviklinga fram til 2030 er:

Ål kommune har 5000 innbyggjarar i 2030

- *Kommunen er attraktiv for unge og barnefamiljar*
- *Vi har ”fyrårn” og attraksjonar som gjer unge stolte av bygda si*
- *Kulturlandskapet er teke vare på*
- *Den fysiske infrastrukturen er godt utbygd*
- *Energi, natur, miljø, helse og kultur har høg prioritet*
- *Det er etablert miljø for forskning og utvikling knytt til helse, kultur, IKT og media*

Det er skapt 150 nye arbeidsplassar i perioden

- *Reiselivsnæringa er utvikla vidare etter ein natur- og miljøprofil*
- *Det er lagt til rette for å auke talet på varme senger i kommunen*
- *Talet på gardar og stolar i drift er oppretthalde*
- *Vi har attraksjonar for fastbuande og besøkande heile året*
- *Grøn omsorg, sunn livsstil og god tilrettelegging for menneskje med nedsett funksjonsevne*
- *Helse, kultur, forskning og utvikling gjev nye arbeidsplassar*

Trivsel for fastbuande og besøkande

- *Grøn infrastruktur med løyper, vegar, stigar og bussar*
- *Gode og store arrangement styrkar profil og arbeidsplassar, og gjev auka trivsel*
- *Det er satsa målretta på vidare utvikling av Ål som ”kulturbygda”*
- *Gode offentlege tenester, med særleg vekt på friskliv, førebygging, helse og omsorg*

Ål er i 2030 kjent for

- *Trivsel og ein god stad å vekse opp og bu i*
- *Kulturbygda og –kommunen, som både tek vare på tradisjonar og er nyskapande*
- *Gode og store arrangement*
- *Ein tidsmessig og framtidsretta kommune, samtidig som ein tek med seg tradisjonar og særtrekk*
- *Eit reiseliv som er tufta på helse, kultur, natur, miljø og livsstil*
- *Aktivt friluftsliv*
- *Ein sterk energikommune som nyttar kraftinntektene på ein målretta måte.*
- *Grøn infrastruktur (miljø, klima, låge utslepp)*
- *Vitale og gjestfrie gardar og stølar*
- *Framifrå kultur- og helsetilbod*

Kommuneplanen for Ål kommune(vedteke i 2006) har som mål å auke folketalet med 0.2% årleg og utvikle Ål sentrum (Sundre) til eit attraktivt sentrum. Ål kommune har dei siste åra lagt ned mykje i å gjera sentrum trivelegare med fysiske tiltak. No står det att å få elva meir tilgjengeleg og integrert i sentrumsbiletet. Dei siste åra har me ikkje hatt att byggeklare sentrumsnære tomter. Ål kommune har no fått hand om eit sentrumsnært byggefelt som me ynskjer å utvikle i fleire etappar og på nye og spanande måtar.

Rundt om i Noreg finst det mange stader som kan samanliknast med Ål. Den eine skil seg ikkje særleg frå den andre, det finst ikkje noko spesielt som gjer at Ål blir trekt fram i høve til nokon annan plass. Kva kan me gjere med dette?

For folk som enten ynskjer å flytte attende eller som vil flytte til bygda er drivkrafta og motivasjonen visjonen om det gode liv. Butilbodet på bygda må kunne innfri draumane og ynskja om andre kvalitetar enn det ein finn i urbane og bynære strøk.

Ål kommune jobbar med rekruttering og tilflytting i lag med andre kommunar i t.d. prosjekta "Lys i alle glas" (busetjing av gardar og tun som står tomme) og Tilflytting Hallingdal – Placement (rekruttering av nederlandske familiar).

Vår erfaring er at mange ungdommar som er oppvaksne i Hallingdal ser ut til å legge vekt på meir urbane kvalitetar når dei vurderer å flytte heim. For å vera konkurransedyktige må me no kombinere dei urbane verdiane og bygdeverdiane. Dette prosjektet skal hjelpe oss til å finne ut kva som må til og korleis me skal få til dette.

Ungdomstida representerar ein fase i livet der bryting og spenningar er viktige element i kvar ungdom si identitetsbygging. Meiningsfylt fritid er ein viktig faktor innan førebyggjande arbeid (skule drop-out, rus, kriminalitet, underyting i alle sider av livet). Dette er gode grunnar til at offentlege midlar skal nyttast for å sikre gode kår i fritidssektoren. Kommunen sitt ansvar for dette bør speglast i målretta arbeid med å skape gode møteplassar for sosialisering og samhandling.

Ungdommane må sjølve vera delaktige i å utvikle sosiale og fysiske møteplassar.

Dette forprosjektet er kartlegging og førebuing til neste fase (hovudprosjekt). Tanken er at dette forprosjektet er "paraplyen" for fleire delprosjekt, som i neste fase mogelegvis organiserast som enkeltstående hovudprosjekt.

Delprosjekt som me ynskjer gjennomført i 2010 er:

- *Sundre – bygdeby eller urban tettstad ?*
- *Elveprosjektet – frå Oppsjøtippen til Strandafjorden*
- *Kolbotnfeltet – framtidens byggefelt, bærekraft og miljø*
- *Integrering i bygdesamfunnet – velkommen, nye Ålingar*
- *Ungdommens Ål – ressursar eller "berre plunder og heft" ?*
- *"Eldremekka" – ein spydspiss i utviklinga ?*

1.2 Overordna mål

Målet med prosjektet er å bidra til å utvikle Ål til å vera ei attraktiv kommune å bu i og å flytte til. For å få til dette skal Ål vera framtidensretta med tanke på bærekraft og attraktivitet.

Målet med prosjektet er å utvikle Sundre til eit attraktivt og framtidensretta sentrum som kan romme mangfaldet av innbyggjarar i alle livsfasar. Dette skal me få til ved å utvikle Sundre til eit tettare sentrum med fokus på mangfald av bumiljø og attraktive møteplassar. Nøkkelomgrep her er energisparande tiltak, kollektivtransport, tilrettelegging for gåande og syklande og nærleik til offentlege tilbod. Det må og setjast søkelys på kultur i sentrum og ulike former for handel.

Prosjektet skal vera med å legge til rette for gode og meningsfylte ungdomsår som aukar lysten til å bu i bygda vår og flytte attende etter avslutta høgare utdanning. I same retning skal prosjektet kartleggje korleis me tek i mot dei som vel å flytte til Ål og dei som vurderar dette.

1.3 Mål for forprosjekt

Målet med forprosjektet er å kartleggje utviklingspotensialet i ei utvida sentrumsutvikling med fokus på bærekraft og attraktivitet.

Kartlegginga skal vera ei overordna analyse av m.a. faktorar som produkt, utøvarar, kompetanse og økonomi.

1. *Sundre – bygdeby eller urban tettstad ?*

Mål for forprosjektet er:

- Undersøke moglegheitene for å gjere sentrum i Ål til ein unik stad.
- Å finne dei kryssingspunkta på Ål der det rurale kan smelte saman med det urbane til det "rurbane". Kva skal til for at eit sentrum med 1000 innbyggjarar skal bli oppfatta som ein tettstad/bygdeby?
- Å leite fram dei kvalitetane ein kan bygge vidare på for å heve sentrum til å bli ein god plass for menneske i staden for ein god plass for bilar.
- Å kartlegge moglegheitene for eit bilfritt sentrum.
- Å kartlegge moglegheitene for å konsentrere sentrum for å oppnå ein betre miljøprofil.

2. Elveprosjektet – frå Oppsjøtippen til Strandafjorden

Mål for forprosjektet er:

- Å få eit bilete av ulike måtar vi kan gje Hallingdalselva ein meir sentral plass i sentrumbiletet.
- Å kartlegge korleis området ved Hallingdalselva nyttast som rekreasjons- og nærfriluftsområde.
- Å kartlegge korleis Hallingdalselva kan være ei ramme/premissleverandør for eventuelt ny utbygging i området.
- Å prosjektere badestrand på Bråta.
- Å syne (grove) kostnadsoverslag til eventuelle tiltak der dette er aktuelt.
- Å konkludere med ein slutt/fagrapport og ein eventuell plan for hovudprosjekt.

3. Kolbotnfeltet – framtidens byggefelt, bærekraft og miljø

Mål for forprosjektet er:

- Å finne gode utbyggingsmønster som smeltar bustad og brukar saman med framtidens miljøutfordringar.
- Å finne måtar å drive innovativ husbygging der ein ser på alternative måtar å bu på for å oppnå gode bumiljø, som bryt med dei tradisjonelle mønstra.
- Undersøke korleis ein i kommunalregi kan vere med på å plante eit miljøengasjement blant innbyggjarar og næringsliv.
- Undersøke korleis ein kan nytte eit område med dårlege forutsetningar som eit eksempel på framtidens bustadbygging.
- Undersøke moglegheitene for å etablere eit testfelt for ekstremhusbygging
- Undersøke moglegheiten for å bygge "zero emitting buildings (null-utslepps-hus)" i Ål.

4. Integrering i bygdesamfunnet – velkommen, nye Ålingar

Mål for forprosjektet er:

- Å finne ut korleis virkar dei tiltaka me alt gjer og korleis vidareutvikle og få til betre samvirke av det me allereie gjer (innflyttarmøte, Lys i alle glas, Placement)?
- Få til fleire møteplassar/meir kontakt med nytilflytte og folk som vurderer å flytte til Ål (Hallingdal) for at dei skal kjenne seg velkomne og gjera det lettare å etablere nettverk.
- Planlegge og setje i verk aksjonar i høve til utvalde grupper (ungdom som har flytta ut for å ta utdanning, særskilde yrkesgrupper som Ål treng å rekruttere i framtida, stikkord lærarar og sjukepleiarar mv)
- Å konkludere med ein slutt/fagrapport og ein eventuell plan for hovudprosjekt.

5. Ungdommens Ål – ressursar eller "berre plunder og heft" ?

Mål for forprosjektet er:

- Å forsterke Ål ungdomsråd sin posisjon som høyringsorgan i kommunalt planarbeid.
- Å legge til rette for gode møteplassar, sosialt og fysisk, for den delen av fritida ungdommane ikkje ynskjer å vera knytt til organiserte aktivitetar.
- I nært samarbeid med ungdommane sjølve avklare kva innhald ein eventuell ungdomsklubb skal ha.
- Kartlegge ungdom sine ynskje når det gjeld utforming av utandørs lokalt sentrum.
- Å konkludere med ein slutt/fagrapport og ein eventuell plan for hovudprosjekt.

6. "Eldremekka" – ein spydspiss i utviklinga ?

Mål for forprosjektet er:

- Å tydeleggjere Ål kommune sitt tilbod til aktive og ressurssterke eldre.
- Å legge til rette for tiltak frå private og frå frivillige, som gjev aktive eldre, som bidreg i nærmiljø og samfunn.
- Å nytte den kompetansen ein har innan helse, omsorg og kultur til å planlegge eit prosjekt som snur negative tankar om eldrebølge til positive tankar om eldre som ressurs for nytenking og utvikling i bygda.
- Å skape bulyst for eldre, slik at mange får lyst til å tilbringe ein aktiv alderdom i kommunen.
- Å synleggjere at Ål kommune ser på eldre som ein svært viktig ressurs.
- Å konkludere med ein slutt/fagrapport og ein eventuell plan for hovudprosjekt.

1.4 Rammer

Forprosjektet startar 14. Juni 2010 og vert avslutta 31. Januar 2011.
Forprosjektet har ei øvre ramme på kr. 350 000.

2. OMFANG

2.1 Oppgåveomtale og -avgrensing

Forprosjektet omfattar kartlegging av mogeligheter og avgrensingar, mellom anna:

- Kartlegge mogelege utviklingsretningar.
- Kartlegge kostnader i dei einskilde tiltaka.
- Kartlegge kva for forventningar Ålingane har til utviklinga av Sundre.
- Kartleggje mogelege samarbeidsarenaer for aktørar i utviklinga.
- Lage prospekt til marknadsføring for eigne innbyggjarar, aktørar i næringslivet og andre.

Resultat:

- Tilråding om framdrift.
- Etablering av eit eller fleire hovudprosjekt
- Finne fleire A-eigarar til vidareføringa
- Koma med forslag til samarbeidstiltak og økonomi.
- Plan for hovudprosjekt i det enkelte delprosjekt.

3. ORGANISERING

3.1 Ansvarsforhold

Oppdragsgjevar: Ål kommune

Prosjektansvarlig: Are Fosse, næringskonsulent i Ål kommune

Prosjektleder Sundre: Torstein Haug Hagen, arealplanleggjar i Ål kommune

Prosjektleder Elveprosjektet: Trond Erik Buttingsrud, planleggjar i Ål kommune

Prosjektleder Kolbotnfeltet: Torstein Haug Hagen

Prosjektleder Integrering: Turid Hilde Gåsbakk, leiar servicetorget i Ål kommune

Prosjektleder Ungdommens Ål: Anne Berit Gudbrandsgard, ungdomskonsulent i Ål kommune

Prosjektleder Eldremekka: xxx xxxx, leiar i frivilligsentralen

3.2 Øvrige roller og bemanning

Det etablerast ei styringsgruppe bestående av:
Björgulv Noraberg, rådmann i Ål kommune, styreleiar
Torleif Dalseide, ordførar i Ål
Lise L. Stolen, politisk representant STNR
Ellen O. Mikkelerud, politisk representant SUO
Øystein Lappgard, kommuneoverlege i Ål kommune
Hilde L. Bjørnsvik, kultursjef i Ål kommune
Reidun Aaker, leiar utviklingsavdelinga i Ål kommune
Are Fosse, næringskonsulent i Ål kommune, prosjektansvarlig

Prosjektleiar for det ein skilde delprosjekt organiserar sjølv prosjektgrupper og referansegrupper.

4. VEDTAKSPUNKT OG OPPFØLGING

4.1 Krav til vedtakspunkt

Det gjennomførast 3 obligatoriske vedtakspunkt:

VP-01	14.06.10	Vedta start med dei målsettingar som er stipulert Grunnlagsdokumentasjon: Underteikna prosjektplan.
VP-02	17.08.10	Vedta vidareføring med dei målsettingar som er stipulert Grunnlagsdokumentasjon: Revidert prosjektplan, politisk vedtak.
VP-03	31.01.11	Vedta om Forprosjektet kan avsluttast og om det er grunnlag for eit eller fleire hovudprosjekt. Grunnlagsdokumentasjon: Fagrapport og Sluttrapport føreligg.

4.2 Oppfølging

Oppstartsmøte 14.06.10.
Månadlege prosjektmøte i samband med tverrfagleg saksforum - prosjektansvarlig og prosjektleiarane.
Styremøte annakvar månad og elles ved behov.

4.3 Milepælar

Milepæl 1	14/6 2010	- oppstart.
Milepæl 2	17/8 2010	– vidareføring etter politisk handsaming.
Milepæl 3	31/1 2011	– avslutning.

Det enkelte prosjekt skal innan 1/9 leggje fram milepælplan for eige delprosjekt.

5. RISIKOANALYSE

5.1 Kritiske suksessfaktorar

Ingen kritiske faktorar, men det kan vere viktig at det vert brei lokal oppslutning om nytten og behovet for å utvikle Sundre.

5.2 Risikoevaluering

I denne fasa har prosjektet ingen høg risiko. Resultatet av kartlegginga vil kunne nyttast sjølv om det ikkje vert etablert nye prosjekt.

Fleire av delprosjekta skal gjennomførast uavhengig av ei felles prosjektorganisering. Prosjektleiinga meiner at ein vil få mykje større tverrfagleg effekt ved at prosjekta går samstundes og i same prosjektorganisasjon. Dette vil og gje fleire innspel på tvers av prosjekta.

Det er politisk vilje til å prioritera dette prosjektet.

6. KVALITETSSIKRING

6.1 Organisering av kvalitetssikring

Kontinuerlig dialog mellom prosjektleiing, prosjekteigarar og styre. Det vert viktig at prosjektet så tidleg som mogeleg involverar, skaper entusiasme og få forretningsideen formulert. Arbeidet med profil og omdømmebygging må vera nært knytt til dette prosjektet slik at ein unngår "dobbeltløp" og kan dra nytte av kvarandre.

Prosjektet skal vera sak i tverrfagleg saksforum, fram til prosjektet vert avslutta.

6.2 Kvalitetssikring av kritiske suksessfaktorar

Ingen kritiske suksessfaktorar

7. GJENNOMFØRING

7.1 Hovudaktivitetar for prosjektansvarlig og prosjektleiarane i prosjektfasen

- Administrasjon og oppfølging av eige delprosjekt i forprosjektet
- Innsal og marknadsføring
- Kartlegging av mogelegheiter og avgrensingar
- Konkretisere idear til ein forprosjektplan
- Økonomiske konsekvensar – kostnadsoverslag for tiltak
- Følgje opp framdrift
- Rapportere til styringsgruppa

7.2 Kostnader

Kostnader		Finansiering	
Kostnadsart	Beløp	Finansieringstype og kjelde	Beløp
Honorar – lage prospekt	150 000,-	Ål kommune	200 000,-
Reiser/møter	50 000,-	Arbeidstid tilsette	150 000,-
Arbeidstid tilsette	150 000,-		
Sum	350 000,-	Sum	350 000,-

Are Fosse
Næringskonsulent
Prosjektansvarlig